

Revisjon av nynorskrettskrivinga – høyringsfråsegn frå Universitetet i Tromsø

Vi viser til høyringsbrev datert 1. februar 2011, der Språkrådet ber om tilbakemeldingar på Språkrådets innstilling til ny norm for nynorsk. Vi viser også til telefonsamtale med seniorrådgivar Marit Hovdenak den 28. februar, der vi gjorde merksam på at Universitetet i Tromsø har blitt forsinka med si høyringsfråsegn, men der vi likevel blei bedt om å sende ho inn. Nedanfor følgjer nokre synspunkt frå Universitetet i Tromsø.

1. Allment

Språket er tett knytt til identiteten til eit menneske. Det er derfor positivt for den språklege identiteten om ein kan ta med seg trekk frå talemålet sitt inn i skriftspråket. Vi ser likevel at det i ein del tilfelle har vori nødvendig å stramme inn på valfridommen, noko som inneber at ein del talemålstrekk er stengt ute frå norma. Likeins kan det være nødvendig at tonivåsystemet fell bort.

Det allmenne inntrykket er at framlegget til ny norm er sterkt Vestlands-orientert, noko vi finn uheldig ettersom norma bør spegle av at nynorsk er eit nasjonalspråk, ikkje eit regionalspråk. Den sterke Vestlands-orienteringa vil trulig føre til at det blir mindre aktuelt å lage lærebøker som gjer greie for talemålstrekk frå andre landsdelar som kan trekkjast inn i nynorsk. I denne samanhengen vil vi peike på at det er utarbeidd lærebøker som på ein pedagogisk måte viser korleis regionale talemålstrekk kan trekkjast inn i nynorsk. Vi kan her nemne desse bøkene som gjeld Nord-Noreg: Roger Lockertsen (1984): "Dialekt og nynorsk. Hjelpbok for nynorskopplæring. Finnmark og Troms", Kjell M. Øksendal (1985): "Dialekt og nynorsk. Hjelpbok for nynorskopplæring. Nordland".

2. Systemtrekk

Samsvarsbøying

Frå ein nordnorsk synsvinkel finn vi det positivt at det framleis skal vera valfridom i partisipp ved bøying av svake verb. Som kjent er apokope utbreidd i nordnorsk talemål, og nordlendingar kan dermed følgje talemålet sitt her og skrive t.d. "varene er levert" (i staden for "varene er leverte").

Kjønn

Substantiv kan ha ulikt kjønn i norsk talemål. I prinsippet meiner vi at dei som har eit tre-kjønnssystem, skal kunne bruke former som samsvarer med eige talemål, t.d. *e bær* og *ei mygg* i nordnorske dialektar. Andre døme finn vi i innlånte substantiv som endar på *-e* (typen *pause*). Det er alt ein del slike substantiv som har valfridom mellom *-en* og *-a*, men dette gjeld t.d. ikkje *etappe*, *fase*, *frase*, *kolonne*, *krampe*, *note*, *pause*, *tese*, *tone*. Dette er substantiv som har *-a* i nokre område. Av tidsomsyn går ikkje nemnda nærmare inn på dette problemet (s. 128).

Kløyvd infinitiv

Framlegget frå nemnda er at kløyvd infinitiv ikkje lenger skal brukast. Vi kan ikkje sjå at framlegget er godt nok fundert. For dei som har kløyvd infinitiv i talemålet sitt, er det ingen "lærevansker" her. Om det skulle hefte problem ved dette språktrekket, må det vel helst gjelde lærarar som ikkje har kløyvd infinitiv i talemålet sitt, og som skal rette elevarbeid i eit område med kløyvd infinitiv. I denne samanhengen burde det vera enkelt for læraren å bruke dei to sidene i Helleviks ordliste over verb som skal ha *-a*. Med kunnskapar frå norrønt skulle dessutan læraren ha bakgrunn for å avgjere når det skal vere *-a* og *-e*. Såleis har t.d. dei tre fyrste klassene av sterke verb lang rotstaving, og desse verba skal dermed ha *-e* i område med kløyvd infinitiv, t.d. *bryte*, *bite*, *svelte*. Dei andre klassene har stutt rotstavving og følgjeleg *-a* i infinitiv, t.d. *sova*, *drepa*, *fara*. I denne samanhengen vil vi elles peike på at det burde ha vori gjort undersøkingar av kva for talemålstrekk som det kjennest viktig for språkbrukaren å ha med seg inn i skriftspråket. I eit slikt perspektiv er truleg kløyvd infinitiv eit viktig trekk, mens språkbrukaren lettare kan gi slepp på *-s* i verbformer (*eg synes* – mot *eg synest*) og *-lig* i adjektiv (*synlig* mot *synleg*). Det kan med andre ord tenkjast at kløyvd infinitiv er sterkare knytt til den språklege identiteten enn t.d. *-s* (*synes*) og *-lig* (*synlig*).

Supinum på *-i*

Dette talemålstrekket har stor utbreiing, og vi finn det uheldig om supinum på *-i* ikkje lenger skal inngå i norma. Det skulle ikkje by på pedagogiske problem å oppretthalde valfridomen mellom *-i* og *-e*, og supinum på *-i* gjer at nynorsk skriftnormal femner betre om austnorske dialektar. Såleis har tradisjonelt austkantmål i Oslo former som *kommi* og *skrivi*. For dei som bur i eit dialektområde med *-i*, fell det naturleg å bruke slike supinumformer. Dessutan vil former på *-e* i ein del tilfelle falle saman med infinitivsformer, og da kan nyansar i språket gå tapt, t.d.:

- A. I ein slik situasjon ville det (ha) komi mange protestar
- B. I ein slik situasjon ville det (ha) kome mange protestar

Her kjem det hypotetiske tydelegare fram i A-setninga enn i B-setninga når hjelpeverbet *ha* er stroki, slik det ofte skjer i talemålet i dag.

3. Enkeltord og enkeltformer

skole/skule

Nemnda foreslår at *skule* blir eineform. Historisk sett er *skole* eit lånord som går tilbake til gresk *schole*. I norrønt har vi både *skóli* og *skúli*. Å utelata forma *skole* finn vi uheldig, bl.a. fordi det er solid talemålsgrunnlag for *skole*. Dessutan vil det vere nødvendig med dobbeltformer på mange statlege

institusjonar (nynorsk og bokmål) for å oppfylle lov om målbruk i offentleg teneste, t.d. *Høgskolen i Oslo / Høgskulen i Oslo*. Forslaget vil såleis også ha praktiske og økonomiske konsekvensar.

dykk (som valfri subjektform)

Å innføre *dykk* som valfri subjektform fører ikkje til forenkling av nynorsknorma, slik intensjonen med nemndarbeidet har vori. Vi meiner at *de* framleis skal vera eineform.

Vennleg helsing


Jarle Aarbakke
rektor


Lasse Lønnum
universitetsdirektør